

Myrtistel, Vegtistel og Krusetistel

Cirsium palustre (L.) Scop, *Cirsium vulgare* (Savi) Ten. Og *Carduus crispus* L.



Kjenneteikn

Toårige planter med pålerot. Formeirar og spreier seg utelukkande med frø. Opprett stengel. Tistlane har tornete vengekantar frå topp til rot. Alle har purpurraude blomar og blømer frå juli til september. Tal frø per plante er litt forskjellig, men er frå 3 000 til 7 000. God frøspiring frå små djupn.

Myrtistel blir 1-2 m. Svakt greina, mørkegrøn med raude striper. Blomsterkorgene blir ca. 1 cm breie, er eggforma og sit mange saman i tett halvskjerm.

Vegtistel blir 60-130 cm. Grov, greina og grågrøn. Blomsterkorgene blir ca. 3-4 cm breie og er nesten kulerunde og få; for det meste i enden av greinene.

Krusetistel blir opptil 150 cm høg er bladrik og greina i toppen. Blomsterkorgene blir 3-4 cm breie er nesten kulerunde, mange og i klasar i enden av greinene.

Krav til veksevilkår

Myrtistel trivst best på myr og vassjuk fastmark.

Vegtistel trivst best på turr, lettare mineraljord, men veks også på tyngre jordartar. Veks ved vegar og grøftkantar.

Krusetistel veks helst i yngre eng, ved vegar og skog. Trivst best på tørre stader.

Utbreiing

Myrtistel finst i Europa og Nord-Asia. Innført til Nord-Amerika. Vegtistel veks i det tempererte Europa, Vest Asia, Nord- og Sør Amerika og New Zealand. Krusetistel finst i Nord Europa, Nord-Asia og Nord Amerika. I Norge nord til Hammerfest.

Historie

Myrtistel var ein av dei plantene som i tidlegare tider vart brukt som snøsmål. Plantene si høgde om sommaren (nokre stader ved Jonsok) skulle vise kor høgt snøen ville liggje kommande vinter.

Om vegtistel er skreve: "Det kastes et skarpt lys over våre forfedres strev med levemåten når man hører at også veitistelens frukter har vært forsøkt malt til mel, 'som smager meget skjønt, men gives ikke i saadan Mængde, at man deraf kunde have nogen Fordel'".

Tiltak mot toårige tistlar

Sist oppdatert nov 2014

Plantar som har danna rosett om hausten, overvintrar og set stenglar og frø neste år. Effektiv ugraskamp bør skje når plantane er på rosettstadiet i august/september, eller om våren.

Hacking

Toårige tistlar har lite rotsystem. Fjerning av bladrosett like under jordoverflata med hakke eller spade er effektivt. Det er viktig å kutte planta nokre cm under bakkenivå, slik at rota tørker ut og dauar. Dersom ein slår tistlane litt over bakken, vil dei fort skyte nye stenglar og sette frø.

Haugaland landbruksrådgjeving seier at hacking er like effektivt som sprøyting av tistlar (om det ikkje er snakk om fleire tusen plantar); ein brukar litt meir tid, men med hakka slepp ein å tenke på verneutstyr og behandlingsfristar. Hacking kan kombinerast med tilsyn av dyr på beite. Ein treng heller ikkje hakke alt på en gong. Hakka er miljøvenleg og skadar ikkje kløveren. Enten ein sprøytar eller hakkar må ein gjenta behandlinga over fleire år for å ta knekken på tistlane.

Tistelhakke



Foto: NLR Haugalandet

Fiskars si potethakke (artikkel nummer 99604) kan enkelt skjærast som på bildet slik at ho er velegna til hacking av tistlar.

Slått

Slått av blomestengel før blomstring med ljå, ryddesag, tistelhakke ol. Planta kan danne sideskot etter tidleg slått, og slått fleire gonger kan difor vere aktuelt.

Hindre oppformering av frø

Kuttar ein så seint at planta har utvikla frø bør stengelen fjernast og brennast.

Tistel på vassjuk jord?

Då er det sannsynlegvis myrtistel. Sørg for betre drenering.

Kjelder:

Korsmos ugrasplansjer. Plantevernleksikon, Bioforsk.

Høeg, O.A. 1975. Planter og tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i

Norge. Fægri, K. 1970. Norges planter. Blomster og trær i naturen. Bind I-III.

Fykse, H. 2003. Forelesningar i herbologi. I. Ugras. Biologiske og økologiske eigenskapar. 3. utgåve.

Utarbeidd med støtte frå økohandlingsplanmidlar frå FMLA Hordaland

Korleis skilje tistlane?

Det er ikkje enkelt å halde tistlane frå kvarandre. *Carduus* og *Cirsium* er to slekter.

Dei toårige tistlane har same rotsystem og dei kan bekjempast med same metodar. Det kan likevel vere interessant å vite forskjell på dei:

Stengel og blad hjå krusetistel er reint grønne, mens myrtistel har oftast raudbrun stenglar og blad. Myrtistel vert oftast høgare enn dei andre.

Vegtistel og krusetistel har 3-4 cm breie korer, mot 1 cm hos myrtistel.

Vegtistel har dei lengste og kvassaste tornene av alle disse tistelartene.

Krusetistel (*Carduus*) har fnokk med hårstråler, mens myrtistel og vegtistel (*Cirsium*-artene) har fjørstråler.



Sett inn tiltak på rosetten; vår eller haust!

Kunnskap for framtida



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

Sjusetev. 27, 5610 Øystese
Tlf: 98 24 58 38
Bankgiro: 3411 23 62632
Org.nr.: NO 882 348 792 MVA
hordaland@lr.no
<http://hordaland.lr.no>